

Fra: Bente Utne (Bente.Utne@hfk.no)
Sendt: 17.11.2014 09:16:55
Til: geir.haveraaen@bergen.kommune.no
Kopi:

Emne: Politisk sak om utbyggingsavtalar og rekkefølgekrav
Vedlegg: sak forskot-utb avt-rekkef krav.pdf;image001.png

HEI!

Vedlagt er saksframlegg om «Forskottering fylkesvegar – utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav».

Takk for bidrag i saka!

Vedtaket er følgjande (mindre avvik frå saksframlegget):

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.10.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsipp sak i høve forskottering i saker der det ligg

føre utbyggingsavtalar og rekkefølgekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkjefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov

at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.

3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført

utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.

4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.

5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.

6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgekrav og (utbyggings-)avtalar vert

handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

Venleg helsing

Bente Utne

Seniorrådgjevar/controller

Samferdselsavdelinga | vegseksjonen

Telefon: 55239060 | 91525270

